

# Særutskrift for Giske kyrkjelege fellesråd

Tid: 17. september 2014

---

Giske kyrkjelege fellesråd har i møte den 17. september 2014 hatt følgende sak til behandling:  
24/2014 Høyring Lik og likskap

## VEDTAK

### Høyringsuttale om «Lik og likskap» NOU 2014:2

Kyrkjegardsforvaltninga har lenge hatt ei ganske streng og enkel lovgiving. Men med endring først i 2011 med tendens til at den skal tilpasse seg innbyggjarane sine ynskje, og no enda ei endring, vil dette utløyse ei meir komplisert og dyrare forvaltning.

Vi i små fellesråd har ikkje eigne stillingar for å forvalte kyrkjegardane, dette er berre ein liten del av kyrkjeverjen sitt ansvar. Forvaltninga har vore enkel å forhalde seg til så lenge lovgivinga er streng, men med ein gong ein skal tilpasse seg «folk sine ynskje» blir det meir komplisert.

Våre kommentarar er følgjande:

#### 1) Kremasjonsavgifta blir fjerna.

##### Kommentar:

Vi har ikkje krematorium i vår kommune, dette må gjerast i ei anna kommune.

Avgifta skal bort, men kven må betale for kremeringa? I vårt fellesråd har vi ikkje hatt praksis for å betale kremasjonsavgift for avdøde som har vore innbyggjar i kommunen. Dette blir ei auka utgift for vår kommune.

#### 2) 20 års fri grav til alle. Ved gravlegging i festet grav gis 20 avgiftsfrie år.

##### Kommentar:

Vi følgjer dei vanlege reglane for festeavgift og dersom ein tar i bruk ei grav i eit gravsted skal den som blir festa ved sidan av fakturerast frå den blir festa. For oss blir dette eit tap av inntekt til gravplassforvaltninga som er vanskeleg å talfeste. Vi fakturerer for mellom kr 100 000,- til 300 000,- pr. år i festeavtaler.

- 3) Retten til fri grav blir ikkje knytt til kommune. Folk kan gravleggast i den kommunen dei vil. Forvaltninga i den kommunen avdøde var folkeregistrert betaler ei fast avgift til mottakarforvaltning. Forvaltningane kan ikkje reservere seg frå dette.**

**Kommentar:**

I vår kommune er det ein sterk befolkningsauke, vi ligg svært nær ein større by. I byen er det nesten slutt på kistegravlegging og dersom ein skal gravleggast i jord må ein lenger ut på landet. Vi har merka at folk som flytter til vår kommune gjerne vil ha sine foreldre og slektingar gravlagt her, dette har vore ein aukande tendens. Sidan vi er ei øy-kommune med avgrensa areal er det mykje trykk på våre sentrumsområde der også gravplassane/kyrkjegardane ligg.

For oss er problemet at det blir for mange frå andre kommunar som ber om å bli gravlagt i vår kommune. Vi ynskjer i hovudsak at det er kommunen sine innbyggjarar som har rett til å bli gravlagt i kommunen.

Med ei forvaltning der vi må ta imot alle som vil gravleggast her utan kostnad er det vanskeleg å beregne areal og kostnad i framtidige utvidingar.

- 4) Same festeavgift for alle graver i same kommune. Ikke skilje mellom vanleg grav og urnegrav**

Dette er kyrkjeleg fellesråd einige i. Vi ynskjer ikkje at kistegravene skal vere dyrare enn urnegravene. Vi meiner det skal vere rom for kristen gravskikk som inneber kistegravlegging.

- 5) Gravplassforvaltninga overtek NAV sitt ansvar for betaling av transport av kiste til krematorium.**

Dette blir ei auka utgift for fellesråda å handtere. Eg er svært usikker på om kommunane aukar overføringane til kyrkjegardssektoren tilsvarande oppgåvene som blir pålagt fellesrådet. I ei pressa tid med därleg kommuneøkonomi trur vi ikkje det er realistisk å tru at vi får meir overføringar dersom alt går i ein pott til kommunane.

- 6) Kommentar til tilrettelagt grav.**

Ei lovendring har ikkje alltid verknad på folks sine «åtferder» med ein gong, men etter ei tid så gjer endringa seg gjeldande. Det at folk kan krevje tilrettelagt grav vil bety at ein på sikt kan rekne med at det blir meir krevjande og dyrare å drive kyrkjegardssektoren.